

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF (utkast)

Fredag 26. januar 2007 kl. 11.00 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Fonna HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Sal av eigedomen Åbødalvegen 79 i Sauda

Frå Helse Vest RHF møtte: Oddvard Nilsen, styreleiar

Frå styret møtte: Magnus Skåden, styreleiar

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Johannes Kolnes

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF
Helge Bryne, viseadministrerande direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Oddvard Nilsen, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Magnus Skåden og Oddvard Nilsen blei valt til å underskrive protokollen, og Oddvard Nilsen overlet møteleiinga til Magnus Skåden.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3 Sal av eigedomen Åbødalvegen 79 i Sauda

Føretaksmøtet gjorde følgjande vedtak:

Føretaksmøtet gir sin tilslutning til sal av eigedomen Åbødalvegen 79, gnr 32 bnr 838, i Sauda kommune, i tråd med vedtak i styret i Helse Fonna HF 17. mars 2006, sak 20/06.

_____, den _____

_____, den _____

Magnus Skåden

Oddvard Nilsen